



Arkivnr: 2017/485-28

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		23.10.2017

Oppretting av brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4

RMNF inviterte til eit dialogmøte den 22.08.2017. Møtedeltakarene var samde om at det var viktig og positivt å møtast, og å få igang ein god dialog framover. Her er det ulike behov, no må vi se framover og forsøke å finne ein løysing.

Innlederne heldt presentasjonane. Blindeforbundet delte ut eit skriv/klagerapport frå fylkeslagsstyret som vart gitt til Bybanen Utbygging, Bybanen AS og Skyss. Etterpå var det diskusjon. Medlemmer frå Blindeforbundet fortalte kva som vart opplevd som problematisk ved å krysse overgangar ved Bybanetraseen.

Bybanen Utbygging orienterte om korleis ein planla/prosjekterte Byggetrinn 4 for Bybanen. Det vart mellom anna orientert om prinsippa for haldeplassar, markering av traseen og markering av overgangar. Ein kan gjera noko med framtidig bygging, som til dømes byggetrinn 4, dvs. seie Bybanen frå Sentrum v/Gulatings lagmansrett til Fyllingsdalen via Haukeland sykehus. (Ferdigstilt ca. 2020.) Det er vanskelegare å gjera noko med det som allereie er bygd. Det viktigaste er å tilrettelegge for UU, og gjøre dette i planleggingsfasen, før bygging. Det er dyrt reparere/rette opp manglande tilrettelegging når det allereie er bygget.

Blindeforbundet ønskjer eit forpliktande samarbeid og brukarmedverknad. Det vart fremma forslag om å opprette ein referansegruppe/brukarmedvirkningsgruppe. Bybanen utbygging ser positivt på at det vert oppretta ei referansegruppe, i det vidare arbeid med byggetrinn 4 for Bybanen. Det er viktig at ein evt. gruppe er rett samansett.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har motteke ein bestilling frå Bybanen Utbygging, der RMNF vert beden om å ta initiativ til å opprette brukarmedverknadsgruppa/referansegruppa.

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil foreslo kandidatar til brukarmedverknadsgruppe/referansegruppe, Bybanen til Fyllingsdalen, Byggetrinn 4.

Bertil Søfteland
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
Jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.